


# LexicoNordica

Titel: Frå Bloksberg til Blåmyra – leksikografi i grenseland mellom proprium og appellativ

Forfatter: Tor Erik Jenstad

Kilde: LexicoNordica 24, 2017, s. 53-68

URL: <https://tidsskrift.dk/index.php/lexn/issue/archive>



© 2017 LexicoNordica og forfatterne

## Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

# Frå Bloksberg til Blåmyra – leksikografi i grenseland mellom proprium og appellativ

*Tor Erik Jenstad*

This article compares the treatment of a certain kind of expression in two Norwegian dictionaries, *Norsk Ordbok* (NO) and *Det Norske Akademis ordbok* (NAOB). The expressions show place-name structure on the surface, but turn out to have appellative content. A group of them are used to denote places where some specific natural resource is customarily exploited (especially compounds with *-hø* ‘(cupola-shaped) mountain’ and *-haug* ‘hillock’). Many have a somewhat slangy stylistic value. NO includes more of these words and expressions than NAOB. This is due to the fact that the material in NO covers a lot more data from dialects.

## 1. Innleiing

Det er ein klar tendens til å nedprioritere namnestoffet i dei allmennspråklege (einspråklege) ordbøkene og forvise det til eigne namneordbøker (jf. Svensén 2004:91f.). I denne artikkelen ser eg på reglar og praksis for dette i begge dei to store ordbøkene eg har arbeidd i, *Norsk Ordbok* (NO) og *Det Norske Akademis ordbok* (NAOB). Eg tar spesielt for meg ein type ord som har stadnamnstruktur, men appellativisk innhald, og som eg tentativt har kalla «ordspel på stadnamn» (Jenstad 2013).

## 2. Redaksjonsreglar

Redaksjonsreglane for proprium er henta frå dei interne handbø-

kene til redaksjonen i høvesvis NO (Grønvik & Gundersen 2016) og NAOB (Henriksen udatert).

## 2.1. Redaksjonsreglar i NO

Om sernamn (proprium) heiter det kort og greitt: «Person- og stadnamn skal ikkje takast med som oppslagsord». Om personifiseringar seier handboka følgjande:

Noko som også står som underoppslag, er visse substantivfrasar med personnamn, som *Per nonsmat* (eit fuglenamn), *Per varmstein* (namn på ein merkedag) og *Per og Pål* ('kven som helst'). I slike ordsamband blir proprium brukte på ein annan måte enn elles, nemleg til personifiseringar av ting og fenomen, eigenskapar, merkedagar og anna.

Vi redigerer elles ikkje proprium, men dei må til som oppslagsord for å hysa slike underoppslag. (Av og til står proprium òg som personifiseringar åleine i oppslag, som i **Randi** med tydinga 'magesjuka'.)

## 2.2. Redaksjonsreglar i NAOB

For proprium lyder hovudregelen slik:

NAOB [skal] ikke ha artikler på egennavn [...], altså f.eks. ikke artikkel på NRK, Sambandsstatene, Salomon.

Det blir tatt følgjande atterhald:

I noen ganske få tilfeller trenger vi å ha artikkel på et egennavn som knagg for allmennspråklig innhold. Ett slikt tilfelle er *ola* (*Ola*), som er lemma for en artikkel som gjør

rede for «ola» som sammensetningsledd, og for uttrykk som *Ola nordmann*, *Ola dunk* og *Ola pottitt*.<sup>1</sup>

### 3. Førings av uttrykk som inneheld proprium

Eksempla nedanfor er nedkorta av artikkelforfattaren. Først eit konsentrat av artikkelen **Per** i NO:

1.

i samb **Per og Pål**

kven som helst, kreti og pleti

**Per inkjevetta**

utnamn på ein viljelaus styving

2.

i namn på fuglar og insekt:

**Per drikkar**

1. teiste 2. alkekonge

**Per nonsmat**

gjerdesmett

**Per peikefot**

Per pinne, myhank, stankelbein

**Per pinne**

myhank

---

<sup>1</sup> *Ola nordmann* tyder 'gjennomsnittsnordmannen'. *Ola dunk* og *Ola pottitt* (*potet*) tyder 'godtruande, klønete nordmann'.

**Per smygar**

1. gjerdesmett
2. (fuglen) steindolp

3.

i namn på merkedagar:

**Per heitstein**

22. februar (det same som Per varmstein)

**Per med gullnykelen**

- Persok (29. juni)

**Per skyttar**

- Pålsmesse (25. januar, eigentleg til Paulus)

**Per varmstein**

- (òg Per varmastoldag) 22. februar, Peter stol

**Per vinkel**

- (òg Per vinkeldag) Peder vindfellsdag, 1. august

4.

i samb **Per flygar**

- Kastepil med styreflikar av papir; (òg:) unggut som spring meir enn turvande

Og slik er det løyst i NAOB:

**Per substantiv (egennavn)**

Etymologi: mannsnavnet Per, uttrykk og sammensetninger  
henspiller på navnets utbredelse; jf. også Petter

Brukt i en rekke faste uttrykk og som sisteledd i sammensetninger for å betegne at personen kan være hvem som helst; jf. dovenper, nysgjerrigper, svarteper, viktigper, vis-senper.

Uttrykk:

**pyt, sa Per til kongen** brukt når man vil vise at noe ubehagelig eller uvelkomment ikke gjør inntrykk på en

**Per og Pål** (etter de utbredte mannsnavnene Per og Pål, norske varianter av apostelnavnene Peter og Paulus) gud og hvermann; kreti og pleti

**fattig Per Eriksen**  
stakkars, fattig person

**Per Nittengryn**  
Småskårent, gjerrig menneske; nøyeregnende, pedantisk person

Ein må her ta det atterhaldet at artikkelen i NAOB kan bli endra fram mot endeleg publisering, men i prinsippet er den ferdig. Alt her ser vi det sterkare dialektpreget i NO, noko som langt på veg gir seg sjølv ut frå prosjektopplegget og materialet. Det er å merke seg at berre **Per og Pål** er behandla i begge ordbøkene. Felles for begge er at sambanda er sortert ut i eigne sublemma, som «underoppslag» i NO og «uttrykk» i NAOB.

Proprium kan vera nemnt i andre artiklar, som del av faste uttrykk og talemåtar. Her eit eksempel frå NO:

**geitskit**: 1. avføring, lort frå geit. 2. brukt i skjemtande, gjørande vend(ingar): *reis på Hitra og stable geitskit* (Trh, Verdal, Sparbu); *reis på Tautra og stomp geitskit* (Leksvik).

Dette belegget er komme inn i tillegg, etter at artikkelen vart trykt: *reis på Hitra og stempel geitskit* (Rennebu). Her er det snakk om uvennlige oppfordingar, som tilsvarar «dra til Bloksberg».

*Bloksberg* er elles eit proprium som får oppslag i norske ord-bøker, først NO (artikkelen er redigert veldig tidleg, truleg på 1950-talet, i hefte fire av band 1):

**bloksberg** [av ty *Blocksberg*, namn på fjellet Brocken i NTyskland, ett ftrua<sup>2</sup> møtestad for hekser; jfr *blåberg*, *blå-koll*] i vend som *dra til Bloksberg* 'til helsike' 'dit peparen gror' o l [...]

Deretter kjem eit sitat som viser uttrykksmåten «det går til Bloksberg» utan eiga forklaring, men ein må gå ut frå at det tyder 'det går til helsike' e.l. Slik står det i NAOB:

**blokksberg:** Fra tysk *Blocksberg*, folkelig omdannelse av stedsnavnet Brocken, navn på fjell i Tyskland, hvor hekse-  
ne etter folketroen samlet seg for å holde fest, særlig val-  
borgsnatt

Især tidligere, nå sjeldnere i uttrykk for ergrelse (opprinne-  
lig forbannelser): *dra til Blokksberg*; *Gud give hun sad paa  
Blocksbjerg, det spektakel*

Sitatet er frå Henrik Wergeland. Vi kan merke oss forskjellen i nor-  
meringa, som eg ikkje har noka god forklaring på. *Nynorskordboka*  
har *bloksberg* i oppslagsforma (men *Blokksberg* i redaksjonell tekst  
i artiklane *pisis* og *valborgsnatt*), mens *Bokmålsordboka* ikkje har  
eige oppslag på dette (men *Blokksberg* i redaksjonell tekst i artik-  
kelen *valborgsnatt*). I praksis kan det sjå ut som éin *k* er det mest  
brukte (2823 treff på avistekstdata-basen Retriever, mot 591 for  
*blokksberg*).

---

2 Etter folketrua.

*Blåberg*, som det er vist til i artikkelen i NO, er i same ordboka definert som ‘berg som ser blått ut på avstand’, med vendingar som *borti blåberget* ‘langt, langt borte’ og *dra ut i blåberget* eller *til blåbergs*. NAOB har ein tilsvarande artikkel med liknande tyding, og opplysning om at *blåberg* ofte er namn på Blok(k)sberg i folkeeventyr.

NO viser også til *blåkoll*, i den aktuelle samanhengen definert som ‘fjell der trollkjerringane møtest’, med eksempel som *far til blåkolls*, *reis til blåkolls*. Dette er tyding 5 av lemmaet **blåkoll**, dei fire første er plantenamn. NAOB har **blåkoll** som plantenamn og **blåkolle** om ‘blå, rundaktig fjelltopp’. Ingen av dei nemner det svenske *Blåkulla*, som ville vore naturleg.

NO har også ein artikkel **hekkelfjell** (norrønt *Hekkluffall*), i sambandet *til hekkelfjells* ‘til helvete, til bloksberg’. I oppslaget **hekkel** subst, med sambandet *til hekkels*, finn vi forklaringa: «smh med *Hekla* (vulkan på Island) som i folketrua var møteplass for fanden og trollkjerringane». NAOB har ingenting om dette.

Her har vi altså stadig å gjera med reelle stadnamn, men dei er brukte appellativisk og blir derfor behandla i ordbøkene. Vi kan seie at dei dannar ein overgang til typane som blir omtalt nedafor, i avsnitt 4 og avsnitt 5.2. Det same har vi i **hutaheiti**, i NAOB behandla slik:

Etter engelsk Otaheite, tidligere namn på stillehavsøya Tahiti, til tahitisk o (til markering av fokus) og stedsnavnet Tahiti. Sted som er langt borte, langt pokker i vold

NO har ein omtrent likeeins artikkel, utan fullt så detaljert etymologi, men med tillegget «(usivilisert)» i definisjonen.



## 4. Ordspel på stadnamn

Dermed flyttar vi oss over mot den ordtypen eg tok for meg i ein artikkel i *Namn og nemne* (Jenstad 2013), altså ord som har stadnamnstruktur på overflata, men som viser seg å ha appellativisk innhald. Vi kjem altså inn i eit slags grenseland mellom proprium og appellativ. Det appellativiske innhaldet blir avspegla ved gjenomgåande bruk av liten forbokstav i oppslaga.

La oss begynne med det fiktive «landet» *langtvekkistan*. NAOB-artikkelen er slik:

**langtvekkistan** dannet til *langt vekk* med endelse *-stan* etter navn som Afghanistan, Kirgisistan, Turkmenistan (spøkefullt) ikke nærmere angitt land eller sted langt borte (jf. *hutaheiti*).

NO definerer med «lite kjent land som ligg langt borte» og har ingen opplysningar om etymologien. Ingen av ordbøkene har artikkel på *langtbortistan*, som er danna heilt tilsvarende, med masse treff på Google og ikkje heilt få på Retriever (men langt færre enn for *langtvekkistan*), og som har fått artikkel i DDO (men der med stor L).

### 4.1. Rypehø og mosehø

I mitt opphavlege heimemiljø i Sunndal på indre Nordmøre er det eit kjent spørsmål når det lir mot rypejakttid om hausten: «ska du åt ryphø'n?» Dette kan sjå ut som eit stadnamn *Ryp(e)høa*, som ville passe godt inn i namnemiljøet i dette området. *Hø* er her eit mykje utbreidd grunnord i fjellnamn. Men det er altså ikkje noko proprium; det har tydinga 'rypefjell, rypeterreng'. Det har ført til denne korte artikkelen i NO:

**rypehø** rypefjell, rypelende (Sunndal).

Etter at denne artikkelen vart redigert, har det komme ut ei ord-samling frå Follidal med same uttrykksmåten: «han kjøm frå rup-hø'n» (Ryen 2012:200). NAOB har ikkje dette ordet.

Ein parallell til *rypehø* har vi i *mosehø*:

**mosehø** i bf, mosefjell (Follidal, Dovre, Lesja): (*fara*) ått må-såhø'n (NO).

Dette er heller ikkje eitt bestemt fjell, men område dei søkte til for den årvisse aktiviteten å samle reinlav (reimose). Ordet manglar i NAOB.

Inn i dette mønsteret fell også *reinshø*, men det er mykje meir sjeldan, og står fram som eit reint hapax i det tilgjengelege materialet: «Det er ofte hardt for meg å få sova natta før eg skal i reinshø om hausten» (Ola Setrom i Herby 1946:8; tidlegare på trykk i avisa Nordmøringen 6.3.1941). Her tyder *reinshø* 'reinterreng, reinfjell'. Ordet er ikkje oppført verken i NO eller NAOB, venteleg på grunn av for tynt kjeldegrunnlag.

Desse uttrykka må ha oppstått (eller er i alle fall styrkt) av at *hø* er eit så utbreidd grunnord i fjellnamn i området. Det syner at onomastikonet (namnedelen av ordforrådet) kan påverke det appellative ordtilfanget. Eit fellestrekk mellom *rypehø*, *mosehø* og *reinshø* er elles at alle desse orda syner til utnytting av ein naturressurstilgang, i form av vilt og fôr.

#### 4.2. *Bærhaugen* og *torvhaugen*

I somme trønderdialektar, særleg langs kysten, har ein samansetningar med *-haugen/-haugan* med stadnamnliknande struktur, og som også står for terreng i samband med ei eller anna fom for ressursutnytting. Samansetningar av denne typen finst også på

Helgeland. *Haug* er som kjent eit vanleg grunnord i stadnamn. Eg har funne desse i setelarkivet til NO:

*bærhaugen/-haugan* ‘området der ein sankar bær’

*gjetslehaugen* ‘marka, terrenget der ein gjeter buskapen’

*hjorthaugan* (Hitra) ‘terrenget for hjortejakt’

*langhaugan* ‘utmarka, beitemarka langt frå garden’ (altså ikkje formasjonen ‘langstrekt haug’, slik ein kunne tru ut frå ledda *lang-* og *-haug*)

*sauhaugen* ‘beiteområdet for sau’

*torvhaugen* ‘området der ein tar torv (til brensel)’

*tømmerhaugen* ‘tømmerskogen’

*vedhaugen* ‘vedskogen’

Desse er delvis behandla i dei aktuelle ordbøkene, her med eit døme:

**bærhaug** haug der det veks (mykje) bær; bærskog (2): *vi skal åt (el på) ‘berahaugen’* (Roan, Flatanger, Foldereid) på bærplukking (NO)

NO har elles artikkel på *hjortehaug*, *langhaug* og *torvhaug*, og har med den aktuelle tydinga av *tømmerhaug* og *vedhaug*. I artikkelen *sauehaug* er ikkje denne tydinga fanga opp. Det er ingen artikkel på *gjetslehaug*. Det er mindre dekning på dei første bokstavane i alfabetet i NO, på grunn av tynnare materiale. NAOB manglar dei

fleste av desse. Det er artikkel på *tømmerhaug* og *vedhaug*, men utan den aktuelle tydinga. Artikkelen *torvhaug* ser slik ut i NAOB:

*torvhaug* haug av (brenn)torv under tørking (Magnhild Haalke: *Dagblinket* 140).

Her har eg sjekka sitatet, og den rette tydinga er ‘stad der det blir tatt torv’. Dette må såleis rettast opp i redigeringa.

Denne særtydinga av *haug* i samansetningar er ikkje nemnt i artikkelen *haug* verken i NO eller NAOB.

## 5. Rein slang

### 5.1. Slangprega ordspel på stadnamn

Døma under 4.1 og 4.2 må vel reknast som relativt nøytrale stilistisk sett. Andre liknande uttrykk er gjerne meir spøkefulle eller tydeleg slangprega, slik vi alt har sett ved *langtvekkistan*. Her følgjer nokre døme:

«Å gange grautebakkjen» er eit uttrykk om små ungar som prøver å føte seg oppover bringa på mora (Frå Nissedal kommune, Solheim 1985:6).<sup>3</sup>

Ordet *grautbakke* har ikkje artikkel i NO.

*Rauvskørudal’n* om ‘rauvskora, sprekken mellom rumpeballane’ har eg notert frå min eigen dialekt i Sunndal på Nordmøre (Jenstad 2007:17). NO har artikkel på dette, med belegg frå Rindal i tillegg til Sunndal.

Ordet *fylleholmen* har artikkel i NO:

<sup>3</sup> *Føte seg oppover* tyder ‘gå, stabbe seg oppover’.

**fylleholm** m slaraffenland; stad der folk kjem saman for å drikka; i vend *fara til fylleholmen* gå til eit drikkelag.

Dette er belagt i ordsamlingar heilt tilbake til 1700-talet. Lagingsmåten minner om realityserien *Tjukkholmen*, som gjekk på TV-kanalen TV Norge hausten 2004. Deltakarane konkurrerte om å gå mest mogleg ned i vekt.

## 5.2. Ordspel på eksisterande stadnamn

I somme tilfelle kan ordspelet gå på stadnamn som faktisk finst: Med tanke på staden Bangdalen i Nord-Trøndelag kan det heite om ein uredd person at «han er ikkje fødd i Bangdalen» (sjå til dømes Stuevold-Hansen 1873:134). NO har dette med som eksempel i artikkelen **bang** (adj).

Frå Oppdal kjem uttrykket «ongann va på Lonåsen» – det vil seie at dei var range og i dårleg humør (Donali 2007:271). Lonåsen er ein stad som faktisk finst, på Tynset i Nord-Østerdalen. Dette ordet har ikkje artikkel verken i NO eller NAOB.

Til denne kategorien hører også **Roterud** brukt i spøk om verkøyrom, roterom. Dette er gardsnamn fleire stader i Austlandsområdet. Det er ingen artikkel på dette i NO og NAOB, og det er heller ikkje oppført i *Norsk slangordbok* (Tryti 2008).

## 5.3. Kort utblikk til dansk, svensk og engelsk

Dansk synest spesielt rikt på slike seiemåtar, som *at gå til Sovstrup* eller *Fjerholm* 'legge seg og sova' (jf. svensk *resa till Fjäderholmarna*), og *oversvømmelse i Ermelunden* 'sveitte under armane'. Mange godbitar er å finne til dømes i Anker-Møller & Stray Jørgensen (1997). Fleire døme herifrå er tatt med i Jenstad (2013).

La oss også unne oss eit par smakebitar frå engelsk og amerikansk slang, der vi også møter denne måten å danne ord og uttrykk på. Til dømes er det etter mønster av namn på *-ville* skapt

ein del uttrykk der leddet ikkje står for ein geografisk lokalitet, men eit tilhøve eller ein tilstand: «from that night on it was lonesomeville for me» ‘einsemd’ (Hudson 1983:188f.).

I britisk og amerikansk slang har ein nemningar som *arsehole street*, som sjølvstapt er ein ubehageleg plass å opphalde seg. Er ein *in* eller *up arsehole street*, da er ein i skikkeleg trøbbel. Likeeins kan ein vera *up shit creek*, eller enda verre: *up shit creek without a paddle*, eventuelt *up shit creek in a barbed wire canoe* (sjå til dømes Dalzell & Victor 2004).

Behandlinga av denne typen ord i danske, svenske og engelske (allmenn)ordbøker fell utanfor ramma akkurat her, men er absolutt eit mogleg emne for seinare granskning. Eg nemner det her berre for å vise at fenomenet på ingen måte er avgrensa til norsk.

## 6. Avrunding

Med dette er vi komne fram til siste ordet i tittelen, *blåmyra*. Det er med i begge ordbøkene vi har sett på, med nokså lik handtering (sitata er utelatne):

**blåmyr** 1 stor, svart myr som er mest voksterlaus 2 i bf havet (NO).

**blåmyra**: 1. DIALEKTALT svart, øde myr. 2 MUNTLLIG, I BESTEMT FORM hav: **pløye blåmyra** seile til sjøs, **dra over blåmyra** dra over Atlanterhavet (NAOB).

NO har også eit mindre kjent synonym:

**storemyr** i bf sg hav, osean (Vestlandet): *det pløgjer mange på storemyra*.

*Stor(e)myra* er elles svært vanleg som stadnamn.

Som vi har sett, har ein god del av dette stoffet funne plass i ordbøkene. Det har ikkje vore plass til ein uttømmende og systematisk gjennomgang av heile feltet her, men det bør likevel teikne seg eit nokolunde riktig bilde. Det er meir av slike uttrykk i NO enn i NAOB, noko som kan forklarast ved at dette i stor grad gjeld meir muntleg språk, og at NO byggjer på større dialektmateriale. I NAOB må det gjennom ein forfattar for å kvalifisere til artikkel. Gjennomgåande bruk av liten forbokstav avspeglar som nemnt det appellativiske innhaldet.

Ordtypen som vi har behandla her, og som eg har valt å kalle «ordspel på stadnamn», kan seiast å vera eit randfenomen i språket. Likevel er han med på å belyse samspelet mellom proprium og appellativ i det mentale leksikonet. Som vi har sett, har uttrykka ofte preg av slang. Og slang tøyser grensene i språket; i dette tilfellet grensa mellom proprium og appellativ.

## Litteratur

### Ordbøker

- Anker-Møller, Søren & Peter Stray Jørgensen (1997): *Politikens slangordbog. Dansk slang i brug fra 1955 til i dag*. 5. udgave. København: Politikens Forlag.
- Bokmålsordboka* (2005). Boye Wangenstein (red.). 3. utgave. Oslo: Kunnskapsforlaget. <<http://ordbok.uib.no>> (august 2017).
- Dalzell, Tony & Terry Victor (2004): *The new Partridge Dictionary of Slang and unconventional English I–II*. London/New York: Routledge.
- DDO (2003–2005) = *Den Danske Ordbog*. København: Det Danske Sprog- og Litteraturselskab/Gyldendal. <<http://ordnet.dk/ddo>> (august 2017).

- Hudson, Kenneth (1983): *A Dictionary of the Teenage Revolution and its Aftermath*. London: Macmillan Reference Books.
- NAOB (til publisering i 2017) = *Det Norske Akademis ordbok*. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- NO = *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Oslo: Det Norske Samlaget. <<http://no2014.uib.no>> (august 2017).
- Nynorskordboka* (2006). Marit Hovdenak et al. (red.). 4. utgåva. Oslo: Det Norske Samlaget. <<http://ordbok.uib.no>> (august 2017).
- Tryti, Tone (2008): *Norsk slangordbok*. Oslo: Kunnskapsforlaget.

## Annan litteratur

- Donali, Ingeborg (2007): *Oppdaling. Ord og uttrykk*. Oppdal: Mediehuset OPP.
- Grønvik, Oddrun & Helge Gundersen (red.) (2016): *Redigeringshandbok for Norsk Ordbok 2014*. Datert 28.2.2016. <<http://no2014.uio.no/eNo/tekst/redigeringshandboka/redigeringshandboka.pdf>> (august 2017).
- Henriksen, Petter (red.) (udatert): *NAOB-håndboken*. Til intern bruk i NAOB-redaksjonen.
- Herby, Leif (1946): *Trønderkveld*. Trondheim: Globusforlaget.
- Jenstad, Tor Erik (2007): *Sunndalsord*. Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Jenstad, Tor Erik (2013): Frå ryphøa til shit creek. Ordspel på stadnamn. I: *Namn og nemne* 30, 93–98.
- Retriever. Database for avistekst. <<https://www.retriever.no/>> (august 2017).
- Ryen, Jon Olav (2012): *Oss må tåla meir um detta. Ordbok for dialektane i Follal*. Follal: Follal Mållag.
- Setelarkivet til Norsk Ordbok. <<http://usd.uib.no/perl/search/search.cgi?tabid=436&appid=8>> (august 2017).



Solheim, Torkjell (1985): *Ord, uttrykk og ordtak frå Nissedal*. Nissedal historielag.

Stuevold-Hansen, Ole (1873): *Bygdefortælling. Optegnelser fra Tydalen, Annex til Sælbu*. Tromsø: W. Holmboes Forlag.

Svensén, Bo (2004): *Handbok i lexikografi*. Stockholm: Norstedts Akademiska Förlag.

Tor Erik Jenstad  
ordbokredaktør og forskar, dr.art.  
Antonie Løchens vei 6  
NO-7020 Trondheim  
tor.jenstad@ntnu.no